Sparebankstiftinga
HARDANGER

# Årsrekneskap 2015
# for
# Sparebankstiftinga Hardanger

**Foretaksnr. 997534492**

# Resultatrekneskap

| | Note | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Inntekter | 1 | 43 623 503 | 31 448 717 |
| **Sum driftsinntekter** | | **43 623 503** | **31 448 717** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Lønnskostnad | 2 | 1 369 057 | 1 441 034 |
| Avskriving på varige driftsmiddel | 3 | 105 907 | 101 239 |
| Annan driftskostnad | | 798 103 | 547 484 |
| **Sum driftskostnader** | | **2 273 067** | **2 089 757** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **41 350 437** | **29 358 960** |
| **ORDINÆRT RESULTAT** | | **41 350 437** | **29 358 960** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **41 350 437** | **29 358 960** |
| **OVERF. OG DISPONERINGAR** | | | |
| Tilført gåvefond | | 20 000 000 | 15 000 000 |
| Overføringar annan eigenkapital | | 21 350 437 | 14 358 960 |
| **SUM OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR** | | **41 350 437** | **29 358 960** |

# Balanse pr. 31.12.2015

| | Note | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|---|---|---|
| **EIGEDELAR** | | | |
| **ANLEGGSMIDDEL** | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontorm. | 3 | 409 585 | 491 502 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **409 585** | **491 502** |
| **Finansielle anleggsmiddel** | | | |
| Eigenkapitalbevis Sparebanken Vest | 4 | 214 562 751 | 304 926 088 |
| **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **214 562 751** | **304 926 088** |
| **SUM ANLEGGSMIDDEL** | | **214 972 336** | **305 417 590** |
| **OMLØPSMIDDEL** | | | |
| **Fordringar** | | | |
| Andre kortsiktige fordringar | | 2 051 468 | 51 072 |
| **Sum fordringar** | | **2 051 468** | **51 072** |
| **Investeringar** | | | |
| Marknadsbaserte obligasjonar | | 0 | 84 380 704 |
| Eigenkapitalbevis Sparebanken Vest | 4,6 | 260 032 337 | 0 |
| **Sum investeringar** | | **260 032 337** | **84 380 704** |
| Bankinnskot, kontantar o.l. | 5 | 18 945 642 | 71 960 267 |
| **SUM OMLØPSMIDDEL** | | **281 029 446** | **156 392 043** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **496 001 782** | **461 809 633** |

# Balanse pr. 31.12.2015

| | Note | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Grunnkapital | 6,7 | 150 000 000 | 150 000 000 |
| Annan innskoten eigenkapital | 7 | 250 960 229 | 250 960 229 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **400 960 229** | **400 960 229** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Gåvefond | 7 | 26 476 255 | 16 403 472 |
| Annan eigenkapital | 7 | 57 164 143 | 35 813 706 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **83 640 397** | **52 217 178** |
| **SUM EIGENKAPITAL** | | **484 600 626** | **453 177 407** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 55 653 | 84 390 |
| Skuldig offentlege avgifter | | 113 459 | 80 499 |
| Kortsiktig gjeld | | 103 732 | 101 337 |
| Løyvde, ikkje utbetalte gåver | 8 | 11 128 312 | 8 366 000 |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **11 401 156** | **8 632 226** |
| **SUM GJELD** | | **11 401 156** | **8 632 226** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **496 001 782** | **461 809 633** |

Kinsarvik, 23.02.2016

| Borghild Storaas Ones | Per Berge | Vidar Riber |
|---|---|---|
| Styreleiar | Nestleiar | Styremedlem |
| Jakob Dyrkolbotn | Turid Dagrun Haugen | Gunnar Skeie |
| Styremedlem | Styremedlem | Dagleg leiar |

# Notar 2015

## Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

### Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eit år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og antatt verkeleg verdi (Lågaste verdis prinsipp).

Marknadsbaserte grunnfondsbevis, obligasjonar vert bokført til lågaste verdi av kostpris og kursen på periodeavslutningstidspunkt. Ombytbare finansielle eigedelar vert tilordna kostpris etter FIFO- prinsippet.

### Anleggsmidlar og langsiktig gjeld

Anleggsmidlar omfattar eigedelar bestemt til varig eige og bruk for veksemda. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost. Varige driftsmidlar førast opp i balansen og avskrivast over driftsmiddelet si forventa økonomiske levetid. Varige driftsmidlar nedskrivast til verkeleg verdi ved verdifall som er venta ikkje å vere av forbigåande art. Nedskrivingar vert reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

### Inntektsføring

Stiftinga sit føremål er å forvalte selskapet si behaldning av kontantar og verdipapir. Avkastninga knytt til dette er derfor bokført som driftsinntekt frå 2014.

### Skatt

Stiftinga er skattefri i medhald av skatteloven sin § 2-32 1.ledd

## Note 1 - Inntekt

| | | |
|---|---:|---:|
| 8050 Renteinntekter | 1 112 836 | 2 014 040 |
| 8070 Avkastning fond | 1 310 245 | 3 621 495 |
| 8071 Utbyte eigenkapitalbevis | 34 417 576 | 25 813 182 |
| 8072 Garantiprovisjon | 2 000 000 | 0 |
| 8078 Vinst sal av SVEG | 5 274 000 | 0 |
| 8170 Tap fond | (491 153) | 0 |
| **Sum Inntekter** | **43 623 503** | **31 448 717** |

# Notar 2015

## Note 2 - Lønskostnad

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Løn | 1 145 084 | 1 216 331 |
| Arbeidsgjevaravgift | 145 603 | 150 249 |
| Pensjonskostnader | 73 670 | 72 381 |
| Andre lønsrelaterte ytingar | 4 700 | 2 072 |
| **Totalt** | **1 369 057** | **1 441 034** |

### Ytingar til leiande personer og revisor

| | Løn | Pensjons-forpliktelse | Anna godtgjering | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Daglig leder | 839 688 | 0 | 122 300 | 961 988 |
| Styremedlemmer | 338 250 | 0 | 0 | 338 250 |

Honorar til revisor består av:

| | |
|---|---|
| Revisjon | 36 125 |
| **Samlet honorar til revisor** | **36 125** |

Selskapet har etablert ei pensjonsordning som tilfredstillar krav i lova om tenestepensjon. Ordninga er innskotsbasert.

## Note 3 - Avskriving på varige driftsmiddel

| | Driftslausøyre i verktøy kontorm |
|---|---|
| Anskaffelseskost pr. 1/1 | 671 831 |
| + Tilgang | 23 990 |
| **Anskaffelseskost pr. 31/12** | **695 821** |
| Akk. av/nedskr. pr 1/1 | 180 330 |
| + Ordinære avskrivninger | 105 905 |
| **Akk. av/nedskr. pr. 31/12** | **286 235** |
| **Balanseført verdi pr 31/12** | **409 586** |
| Prosentsats for ord. avskr. | 10-33 |

# Notar 2015

## Note 4 - Eigenkapitalbevis Sparebanken Vest

Stiftinga har i 2015 omklassifisert 2 604 394 grunnfondsbevis til omløpsmidlar. Stiftinga har også delteke i Sparebanken Vest sin emisjon og anskaffa 6 950 000 nye grunnfondsbevis til kurs kr 27,50.

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|---|---|
| Antal eigenkapitalbevis Sparebanken Vest | 14 954 394 | 8 604 394 |
| Kurs på periodeavslutningstidspkt | 35,00 | 50,50 |
| Marknadsverdi | 523 403 790 | 434 521 897 |
| | | |
| Bokført verdi anleggsmiddel | 214 562 751 | 304 926 088 |
| Bokført verdi omløpsmidlar | 260 032 337 | |
| Sum bokført verdi | 474 595 088 | 304 926 088 |
| | | |
| Urealisert verdiauke | 48 808 702 | 129 595 809 |

Stiftinga har delt grunnfondsbevisa i oml øpsmidlar og anleggsmidlar.

| | |
|---|---|
| Grunnfondsbevis klassifisert som anleggsmiddel | 6 000 000 |
| Bokført verdi/kostpris | 214 562 751 |
| Snitt kurs kostpris | 35,76 |
| Marknadsverdi | 210 000 000 |
| Urealisert verdinedgang | (4 562 751) |

Grunnfondsbevis klassifisert som oml øpsmiddel

| | Antall | Kostpris |
|---|---|---|
| Antall overført til omløpsmidlar | 2 604 394 | 90 363 337 |
| Solgt 2015 | (600 000) | (21 456 000) |
| Kjøpt i emisjon 2015 | 6 950 000 | 191 125 000 |
| Sum | 8 954 394 | 260 032 337 |
| | | |
| Kurs 31.12.2015 | 35 | |
| Marknadsverdi | 313 403 790 | |
| Urealisert verdiauke | 53 371 453 | |

## Note 5 - Bankinnskot, kontantar o.l.

Skattetrekksinnskot utgjer pr 31.12. i år kr 78 404 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 50 604.

## Note 6 - Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er 6 mill eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest. Pålydande ved etableringa var kr 25, tilsaman kr 150 000 000.

# Notar 2015

## Note 7 - Annan eigenkapital

| | Grunnkapital | Anna innskoten eigenkapital | Gåvefond | Anna eigenkapital | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Verdiar 31.12.2014 | 150 000 000 | 250 960 229 | 16 403 472 | 35 813 706 | 453 177 407 |
| Tildelte gåver 2015 | | | (9 927 217) | | (9 927 217) |
| Resultat pr 31.12.2015 | | | 20 000 000 | 19 558 781 | 39 558 781 |
| Verdiar 31.12.2015 | 150 000 000 | 250 960 229 | 26 476 255 | 55 372 487 | 482 808 971 |

## Note 8 - Oversikt gåver

| | Pr 01.01.2015 | Vedteke i perioden | Utbetalt i perioden | Pr 31.12.2015 |
|---|---|---|---|---|
| Brurebundkomiteen Oma m.f.-dåpsbunad | -10 000 | | 10000 | 0 |
| Bu grendahus-grunnarbeid | -50 000 | | 50000 | 0 |
| Bygdahallen SA-ny kledning og vindauger | | -65000 | | -65 000 |
| Damvegen Skogsbilveg-fjellveg | -100 000 | | | -100 000 |
| Eide Grannalag- Grandane Badeplass | | -50000 | 50000 | 0 |
| Eide Grannalag-badeplass | -200 000 | | 200000 | 0 |
| Eidfjord kommune- ny utstilling natursenteret | | -1000000 | | -1 000 000 |
| Eidfjord kulturskule- musikalsk samarb.prosjekt | | -50000 | | -50 000 |
| Evjo aktivitetssenter- oppstart | | -100000 | 50000 | -50 000 |
| FAU Brakanes Skule-arrangement | -15 000 | | 15000 | 0 |
| Folgefonn Skyttarlag- miniatyrskytebane | | -100000 | 100000 | 0 |
| Folgefonn Skyttarlag- varmepumpe til skyttarhus | | -30000 | | -30 000 |
| Fotballklubben Voss- forprosjekt Storhall | | -100000 | | -100 000 |
| Grabvin Idrettslag- Tveito | | -100000 | | -100 000 |
| Grannaheimen Grendalag- renovering av pip og omn | | -90000 | | -90 000 |
| Grannatun- rehab. av kjøken | | -150000 | | -150 000 |
| Granvin Herad- kjøp/istandsetjing av kulturbygg | | -300000 | | -300 000 |
| Granvin Idrettslag- aktivitets-/idrettspark | -200 000 | | | -200 000 |
| Granvin Skyttarlag-ny skytebane | -400 000 | | 400000 | 0 |
| Granvin Ungdomslag-kino | -60 000 | | 60000 | 0 |
| Granvin Ungdomsråd-oppussing lokaler | -100 000 | | 100000 | 0 |
| Grendahuset Sagatun-handicaptoalett | | -100000 | | -100 000 |
| Grendalaget 5777-restaurering av trekai | | -100000 | | -100 000 |
| Grimo Handelslag AS- opprusting til kai | -150 000 | | | -150 000 |
| Hardanger Big Band-digitalt piano | | -15000 | 15000 | 0 |
| Hardanger Cross & Trial Klubb-bane | -50 000 | | 50000 | 0 |
| Hardanger Cross & Trial klubb-motorsportalegg påSvartveit | | -150000 | | -150 000 |
| Hardanger Kajakk-klubb-tomannskajakk m utstyr | | -20000 | | -20 000 |
| Hardanger Matkulturfestival- matkulturfestival | | -40000 | | -40 000 |
| Hardanger og Voss Museum- basisutstilling på Voss | | -100000 | | -100 000 |
| Hardanger og Voss Museum-kurs i skautfelling | | -100000 | | -100 000 |
| Hardanger Spelemannslag- vestlandskappleik | -30 000 | | 30000 | 0 |
| Hardanger Ungsdomsråd-aktivitetshelg | | -30000 | | -30 000 |
| Hardangerakademiet-restaurering av bygg | -730 000 | | 730000 | 0 |
| Hardangerbadet AS-badeanlegg | -500 000 | | | -500 000 |
| Hardangerbadet KF- Hardangerbadet | | -500000 | | -500 000 |
| Hardangerbrua Musikklag-nye instrument | -75 000 | | 75000 | 0 |
| Hardangerrådet IKS- kunstnarhusværet i Berling | | -30000 | | -30 000 |
| Hardangerrådet-kompetanseheving regionale arr. | -100 000 | | 100000 | 0 |
| Harding Puls-kunstløyper | -200 000 | | 100000 | -100 000 |
| Hardingfilm- film om kampen mot monstermastene | | -25000 | | -25 000 |
| Herand Bygdelag- nytt kjøken mm i Herand Kulturhus | | -200000 | 200000 | 0 |
| Herand Bygdelag-rep. Av museum | -35 000 | | | -35 000 |
| Herand Fjellveglag-fjellveg | -100 000 | | 100000 | 0 |

# Notar 2015

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Herand Idrettslag-turløype Fodnastøl | | -150000 | | -150 000 |
| IKRIBER- flygel Eidfjord samfunnshus | | -50000 | | -50 000 |
| IL Solnut- Skotamyra akt.park del 2 friidrett | | -100000 | | -100 000 |
| IL Solnut- Skotamyra Aktivitetspark | | -100000 | | -100 000 |
| IL Solnut-aktivitetspark | -175 000 | | 175000 | 0 |
| Indre Austsio Grannalag- utstyr til møteplass | -50 000 | | | -50 000 |
| Interessegruppene Buføreveg-etappe 2 Pilegrimsvegen | | -350000 | 350000 | 0 |
| Interessegruppene Buføreveg-fjellveg | -400 000 | | 400000 | 0 |
| Jondal Bygdelag- aktivitetsløype/treningspark | | -100000 | | -100 000 |
| Jondal Frivillgsentral-sansehage | -35 000 | | 13515 | -21 485 |
| Jondal Frivilligsentral-skykkje til sansehage | | -100000 | | -100 000 |
| Jondal Idrettslag-skiløype | -250 000 | | 250000 | 0 |
| Jondal Mållag- stølsbok for Jondal | | -15000 | | -15 000 |
| Jondal Skyttarlag-ombyggjing av standplassbygg | | -100000 | | -100 000 |
| Jondal Skyttarlag-skytebane | -200 000 | | 200000 | 0 |
| Jondal ungdomslag- handicaptoalett m.m. | | -150000 | | -150 000 |
| Jordalen Grendalag-lavvo | -83 000 | | | -83 000 |
| Jubileumsn for Kinck-jubileet- jub.arr. | | -50000 | 50000 | 0 |
| Jåstad Grendahus- utbetring av straumanlegg | | -100000 | | -100 000 |
| Jåstad Grendahus-opprusting | -250 000 | | 180000 | -70 000 |
| Kunstnarhuset Messen-vidareutvikling | -100 000 | | 100000 | 0 |
| Kvam veteranvognsklubb- rehab. Klubbhus | | -50000 | 50000 | 0 |
| Kvammaløpet- lydanlegg | | -15000 | 15000 | 0 |
| Lions Club Norheimsund- sansehage for demente | -100 000 | | | -100 000 |
| Lothe og Alvsåker Indremisjon- restaurering av trøorgel | | -7125 | 7125 | 0 |
| Mundal Grendautval-toalett/servicebygg Mundheim | | -50000 | | -50 000 |
| Munketreppenes Vener-opprusting Munketreppene | | -500000 | | -500 000 |
| Nedre Valland og Nes Grendalag- restaurering av båtbyggjarverkstaden | | -50000 | | -50 000 |
| Norges Speidarforbund-restaurering av hus på Kvamsøy | | -50000 | | -50 000 |
| Norh. Og Øystese Skyttarlag- ny skytebane | | -200000 | | -200 000 |
| Norheimsund Grendautval- Norheumsund utescene | | -150000 | | -150 000 |
| Norheimsund Grendautval-utescene | -350 000 | | | -350 000 |
| Norheimsund og Øystese Skyttarlag- ny skytebane | | -200000 | | -200 000 |
| Norheimsund Skulemusikklag- nye instrument og uniformer | | -30000 | 30000 | 0 |
| Norsk Redningshundar- Hordaland distrikt-GPS-utstyr | -10 000 | | | -10 000 |
| Norsk Vasskraft- og industrimus- framføring av vatn/straum til Skjeggedalshytta | | -80000 | 80000 | 0 |
| Norsk Vasskraft- og industrimuseum-filmprosjekt | -225 000 | | 225000 | 0 |
| Nynorsk Kultursentrum-litteraturpris | -25 000 | | | -25 000 |
| Nynorsk Kultursentrum-temautstilling Haugesenteret | | -30000 | | -30 000 |
| Nå Musikklag-instrument | -60 000 | | 60000 | 0 |
| Nå Musikklag-tuba og trommesett | | -40000 | | -40 000 |
| Odda fotbalklubb-kunstgras Eide Fotballbane | | -300000 | | -300 000 |
| Odda Idrettslag- tidtakarbu | | -120000 | | -120 000 |
| Odda Skolekorps-instrument | -95 000 | | 95000 | 0 |
| Opera Omnia- CD og konsertsamarbeid | | -30000 | | -30 000 |
| Oppheim Ungdomslag-varmepumper og vvbereder | | -32565 | 32565 | 0 |
| Orkesteret Fossegrimen- notetstativ med lampar | | -30000 | 30000 | 0 |
| Røldal Idrettslag-kunstgrasbane med flaumljos | | -400000 | | -400 000 |
| Røldal Idrettslag-skiløype | -150 000 | | 150000 | 0 |
| Sameiga Bømoløypa-løypeutstyr | -50 000 | | 50000 | 0 |
| Skrivarens Venelag-nytt kjøken | -72 000 | | | -72 000 |
| Solfonn-Langedal Hytteforening- skiløype/tursti Lontjørn-Langedalen | | -50000 | | -50 000 |
| Steinsdalen Samfunnshus- ny komfyr | | -78102 | | -78 102 |
| Stiftinga Ekstreme Voss- born- og ungdomsarrangement | -30 000 | | | -30 000 |
| Stiftinga Hardanger Kunstskule-utstyr | -100 000 | | | -100 000 |
| Stiftinga Herand Aktiebruk-vasshjul | -30 000 | | | -30 000 |
| Stiftinga Messen-restaurering Messen | -250 000 | | 180000 | -70 000 |
| Strandebarm Ungdomslag- nytt kjøken | -100 000 | | | -100 000 |
| Sysendalen Løypelag-akebakke/skileikområde | | -25000 | | -25 000 |

# Notar 2015

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sysendalen Løypelag-skiløype | -150 000 | | 150000 | 0 |
| Torbjørn Seim- bokverk Gamle hus og husmannsp i Granvin | | -40000 | 40000 | 0 |
| Torsnes Ungdomslag-leikeplass | -20 000 | | 20000 | 0 |
| Torsnes Ungdomslag-varmepumpe | | -30000 | | -30 000 |
| Tyssedal Røde Kors Hjelpekorps-nytt tak hytte | -57 000 | | 57000 | 0 |
| Tørvikbygd Idrettslag-kunstgrasbane | -150 000 | | 150000 | 0 |
| Ullensvang Fjellstyre-restaurering fjellhytter | -500 000 | | | -500 000 |
| Ullensvang Skulemusikklag- nye instrument | | -100000 | | -100 000 |
| Ulvik Fjellstyre- opprusting av steinbu i Austdalen | | -60000 | 60000 | 0 |
| Ulvik Idrottslag-opprusting av løypeanlegg/toalettanlegg | | -300000 | 300000 | 0 |
| Ulvik IL-sikringstiltak i skiløype | | -100000 | | -100 000 |
| Ulvik Paintballklubb-paintballutstyr | | -30000 | | -30 000 |
| Ulvik Røde Kors Hjelpekorps-lagshus | -100 000 | | 100000 | 0 |
| Ulvik Skulemusikklag- nye uniformer | | -50000 | | -50 000 |
| Ulvik Sogelag-bok om stølar i Ulvik | -25 000 | | | -25 000 |
| Ulvik Sokn- gjerde rundt minnelund på Hakestad | | -40000 | 40000 | 0 |
| Ungdomsråda i indre Hardanger-rusfritt arr. 16.mai | -30 000 | | 30000 | 0 |
| Vaksenopplæringa i Ullensvang-film | -20 000 | | 20000 | 0 |
| Velurerock-overbygg og bryggje | -29 000 | | | -29 000 |
| Vestglimt IL-restaurering lagshus | -30 000 | | 30000 | 0 |
| Viljar IL-idrettsbane | -300 000 | | 300000 | 0 |
| Vines Grannahus- renovering av ungdomshus | | -400000 | | -400 000 |
| Voss Bygdeboknemnd- Vossaboka | | -200000 | | -200 000 |
| Voss Bygdeungdomslag-rammetelt | | -25000 | | -25 000 |
| Voss Hesteportlag-hindermateriell | | -30000 | | -30 000 |
| Voss Idrottslag-badeanlegg | -500 000 | | | -500 000 |
| Voss Idrottslag-turnapparat til unge | | -40000 | 40000 | 0 |
| Voss Jazzskule-konsert | -20 000 | | 20000 | 0 |
| Voss Kunstlag-nasjonal kunstfestival | | -100000 | 100000 | 0 |
| Voss Taekwon-Do klubb- Vestlandsmeisterskap- matter | | -40000 | 40000 | 0 |
| Voss Utferdslag- bruer i stinettverket | | -221225 | 94700 | -126 525 |
| Vossestrand Røde Kors Hjelpekorps-sambandsutstyr | -10 000 | | | -10 000 |
| Vossestrand Røde Kors Hjelpekorps-skaphengjar til snøscooter | | -28200 | | -28 200 |
| Vossestrand Røde Kors- vestar, GPS o.l. | | -20000 | | -20 000 |
| Xtremeidfjord-løpsutvikling auka tal på kvinner | | -150000 | 75000 | -75 000 |
| Øvre Eidfjord Grendalag-bålhus | | -40000 | 40000 | 0 |
| Øvre Granvin Grannalag- toalett og gang i grendahus | | -80000 | | -80 000 |
| Øvre Granvin Grannalag-lagshus | -100 000 | | 100000 | 0 |
| øystese Fotball-fotballmål | | -25000 | | -25 000 |
| Øystese Idrettslag-telt | -30 000 | | | -30 000 |
| Ålvik Idrettslag- kuntsgrasbane | | -150000 | | -150 000 |
| Kulturstipend 8 stk a kr 25 000 | | -200000 | 200000 | 0 |
| Sum | -8 366 000 | -9927217 | 7164905 | -11 128 312 |

# Sparebankstiftinga Hardanger

## *Styret si årsmelding for 2015*

**Bakgrunn og føremål**

Sparebankstiftinga Hardanger vart skipa 1. november 2011 som følgje av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest.

Stiftinga sitt hovudføremål er :

- Vidareføra sparebank-tradisjonane blant anna gjennom å gje gåver til ålmennyttige føremål.
- Vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.
- Syta for ein forsvarleg kapitalforvaltning av dei midlar stiftinga rår over.

**Ålmennyttig verksemd**

Eit viktig mål med stiftinga er å vidareføra sparebankstradisjonane , blant anna gjennom utdeling av gåver til ålmennyttige føremål. Tidlegare Sparebanken Hardanger har gjennom åra vore ein viktig lokal støttespelar og bidrege med store gåver til lag og foreiningar.
Gjennom gåveverksemda har banken vore med å vitalisera lag og foreiningar og med det også lokalsamfunnet.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å vidareføra og forsterka banken sitt samfunnsengasjement. Ved å vera samfunnsbyggjande og langsiktig tek vi sikte på å verta ein viktig aktør i utviklinga av vårt lokalsamfunn.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å bruka inntil 50 % av sitt overskot til ålmennyttige føremål.

I 2015 vart det delt ut gåver på i alt kr. 9.927.217,00

Gåvene fordeler seg på 84 større og mindre prosjekt til i hovudsak lag og organisasjonar i Hardanger og på Voss.

Sparebankstiftinga har og ført vidare tradisjonen frå Sparebanken Hardanger med utdeling av kultuturstipend til ungdom . I 2015 vart delt ut 8 stipend a kr. 25.000,00 til gåverike ungdomar i regionen innan kultur og idrett.

Det vert elles vist til oversikt over gåvene i note 8
i årsrekneskapen.

**Eigarstrategi**

- Stiftinga skal vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.

# Sparebankstiftinga Hardanger

## *Styret si årsmelding for 2015*

**Bakgrunn og føremål**

Sparebankstiftinga Hardanger vart skipa 1. november 2011 som følgje av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest.

Stiftinga sitt hovudføremål er :

- Vidareføra sparebank-tradisjonane blant anna gjennom å gje gåver til ålmennyttige føremål.
- Vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.
- Syta for ein forsvarleg kapitalforvaltning av dei midlar stiftinga rår over.

**Ålmennyttig verksemd**

Eit viktig mål med stiftinga er å vidareføra sparebankstradisjonane , blant anna gjennom utdeling av gåver til ålmennyttige føremål. Tidlegare Sparebanken Hardanger har gjennom åra vore ein viktig lokal støttespelar og bidrege med store gåver til lag og foreiningar.
Gjennom gåveverksemda har banken vore med å vitalisera lag og foreiningar og med det også lokalsamfunnet.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å vidareføra og forsterka banken sitt samfunnsengasjement. Ved å vera samfunnsbyggjande og langsiktig tek vi sikte på å verta ein viktig aktør i utviklinga av vårt lokalsamfunn.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å bruka inntil 50 % av sitt overskot til ålmennyttige føremål.

I 2015 vart det delt ut gåver på i alt kr. 9.927.217,00

Gåvene fordeler seg på 84 større og mindre prosjekt til i hovudsak lag og organisasjonar i Hardanger og på Voss.

Sparebankstiftinga har og ført vidare tradisjonen frå Sparebanken Hardanger med utdeling av kultuturstipend til ungdom . I 2015 vart delt ut 8 stipend a kr. 25.000,00 til gåverike ungdomar i regionen innan kultur og idrett.

Det vert elles vist til oversikt over gåvene i note 8
i årsrekneskapen.

**Eigarstrategi**

- Stiftinga skal vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.

Grunnkapitalen til stiftinga er 150 mill.kr fordelt på 6 mill. eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest kvar pålydande kr. 25.
Stiftinga eig i tillegg 8.954.394 eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest.
Stiftinga eig etter dette 14.954.394 eigenkapitalbevis. Dette utgjer 25,33 % av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Vest og gjer stiftinga til den klart største eigaren i banken.

- Stiftinga har forventningar til økonomisk forsvarleg bankdrift og stabilt utbytte.

- Stiftinga ynskjer å utøva styringsrett gjennom representasjon i styrande organ.

  Stiftinga har i dag 3 representantar i representantskapet til Sparebanken Vest. Stiftinga sin styreleiar er og leiar i representantskapet til banken. Stiftinga har og mål om å bli representert i valnemnda og styret i Sparebanken Vest.

**Emisjon i Sparebanken Vest.**

Hausten 2015 meldte Sparebanken Vest at nye kapitalkrav frå Finanstilsynet gjorde at banken pr. 31.12.2016 må ha rein kjernekapital på 14,5 %. Dette er omlag 1 % poeng meir enn det som tidligare var kommunisert frå Finanstilsynet og som banken hadde planlagt ut frå. For å sikra banken vidare vekst samt å oppnå kapitalkravet valde styret i banken å auka eigenkapitalen med 750 mill.kr. gjennom ein emisjon der teikningskursen for nye eigenkapitalbevis vart sett til kr. 27,50.
Sparebankstiftinga valde å vera med på denne emisjonen så langt som mogleg. Derfor vart tidligare investeringar i rente og obligasjonsmarknaden realisert. I tillegg selde stiftinga 600.000 eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest for kr. 45,00 pr. stk. Dette gjorde at stiftinga til saman kunne teikna 6.950.000 nye eigenkapitalbevis a kr. 27,50 for til saman kr. 191.125.000.

Stiftinga var og med å garanterte for emisjonen og fekk for dette betalt kr. 2.000.000 i garantiprovisjon.

Marknadsverdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest pr. 31.12.2015 var 523,4 mill. kr. 6 mill. eigenkapitalbevis er definert som stiftinga sin grunnkapital og er vist som finansielt anleggmiddel i rekneskapen. Dei restande 8.954.394 eigarkapitalbevisa er vist som omløpsmidel i rekneskapen . Både anleggmidlane og omløpsmidlane er bokført med kostpris i rekneskapen. Det er i tillegg meirverdiar i stiftinga sine eigenkapitalbevis på 48,8 mill.kr. Det vert vist til note 4 til rekneskapen.

Resterande kontante midlar på om lag 19 mill. kr. er plassert på særvilkårskonto i bank.

**Avtale om investeringsrådgjeving med Grieg Investor AS**

Stiftinga var gjennom året 2015 i gang med å ta i bruk den vedtekne investeringsstrategien som var utvikla saman med Grieg Investor AS .
Sidan stiftinga sin kapital etter emisjonen i desember 2015 i hovudsak no er investert i eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest har ikkje stiftinga p.t. annan kapital til forvaltning. Avtalen med Grieg Investor AS om investeringsrådgjeving vart derfor sagt opp med verknad frå 31.12.2015.

**Økonomiske resultat**

Stiftinga fekk i 2015 eit årsresultat på 41,3 mill. kroner mot 29,3 mill. kroner i 2014.

Inntektene utanom utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Vest på 34,4 mill. kr. består av renteinntekter på 1,1 mill. kr, netto gevinst obligasjonsfond på 0,8 mill. , garantiprovisjon kr. 2,0 mill. kr. og gevinst sal av 600.000 eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest med kr. 5,2 mill.kr

Hausten 2015 oppsto det eit markert kursfall på rente og obligasjonsfond. Stiftinga vart også ramma av dette. For å skaffa midlar til nyteikninga av eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest måtte og realisering av disse posisjonane skje på eit heller ugunstig tidspunkt . Stiftinga gjorde likevel opp året sett under eit med eit mindre overskot på denne delen av investeringsporteføljen.

Driftskostnadane for stiftinga utgjorde kr. 2.273.067 som er ein auke på kr. 183.310 i forhold til 2014. Auken har si årsak i kostnader til Grieg Investor AS for rådgjeving med kr. 236.147,00 Utanom denne kostnaden til rådgjeving er dei andre kostnadane ved drift av stiftinga redusert med kr. 52.837 frå 2014 til 2015.

Styret gjer framlegg om at stiftinga sitt årsresultat på 41,3 mill.kr vert disponert slik:

| | |
|---|---|
| Avsett til gåvefond | 20,0 mill.kr |
| Avsett til anna eigenkapital | 21,3 mill.kr. |

Av avsetninga til gåvefond på 20 mill. kroner vil styret tilrå for generalforsamlinga at inntil 10 mill. kr. vert nytta til gåveverksend i 2016 og 10 mill. kr vert sett av som reserve til framtidig gåveverksemd.

**Skatteforhold**

Skatt vest har i brev av 13.06.2012 lagt til grunn at stiftinga oppfyller vilkåra for å vera skattefri etter reglane i skattel. § 2-32,1.ledd.

I årsrekneskapen for 2015 er lagt til grunn at stiftinga framleis vert friteken for skatteplikt.

**Styrande organ**

Stiftinga sitt høgaste organ er generalforsamlinga som består av 16 innskytarvalde medlemer og 3 medlemer som er valde av Fylkesutvalet i Hordaland. Det er og valt 10 varamedlemer blant innskytarane, og 2 varamedlemer er valde av Fylkesutvalet i Hordland. Dei innskytarvalde vert valde av og blant kundane til Sparebanken Vest busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik eller Voss.

Generalforsamlinga består i dag av 7 kvinner og 12 menn.

Leiar for generalforsamlinga er Jon Olav Heggseth med Olaug Værland som nestleiar.

Styret består av 2 kvinner og 3 menn med Borghild Storaas Ones som leiar.

**Administrasjon og administrative tilhøve**

Sparebankstiftinga Hardanger har kontor i Kinsarvik.
Administrasjonen består av dagleg leiar Gunnar Skeie
Etter styret si vurdering er stiftinga si verksemd slik at den i liten grad ureina det ytre miljø.

**Forskings- og utviklingsaktivitetar**
Stiftinga har ingen pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar.

**Framleis drift**
Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen.

**Arbeidsmiljø**

Selskapet har ingen tilsette utanom dagleg leiar. Arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skadetilfelle i 2015.

**Likestilling**
Styret praktiserer likestilling i samsvar med lover og reglar.

**Framtidsutsikter**
Stiftinga sine inntekter er fullt ut basert på finansinntekter. Utviklinga i finansmarknaden vil derfor vera avgjerande for stiftinga sine inntekter.

Førebels anslag frå Norges Bank viser at veksten i Fastlands –BNP vart redusert frå 2,3 % i 2014 til 1,4 % i 2015. For 2016 ventar sentralbanken at veksten minkar vidare til 1,1 %.

Med svak vekst og låge renter globalt, samt stort fall i oljeprisen og stor nedgang i oljeinvesteringar, valde Norges Bank å kutta styringsrenta 2 gonger i 2015 med 0,25 % kvar gong til 0,75 % . Sentralbanken har signalisert at det er utsikt til nye rentekutt i 1. halvår 2016. Til tross for rekordlågt rentenivå ligg norske renter godt over nivået hos våre viktigaste handelspartnarar.

Dette har resultert i eit klart fall i rentemarknaden og kraftig kutt i innskotsrenta på stiftinga sine bankinnskot. Det er venta vidare reduksjonar i løpet av 2016.

Dei nye og strengare kravet til eigenkapital for Sparebanken Vest har medført at banken for 2015 har halvert utbyttenivået i forhold til tidlegare år. Styret i Sparebanken Vest har derfor tilrådd at utbyttet for 2015 med utbetaling i 2016 vert redusert til kr. 1,10 pr. eigarkapitalbevis. For stiftinga gjev dette kr. 16,4 mill.kr. i utbytte mot 34,4 mill.kr. i 2015. Etter det som er kommunisert til markanden frå Sparebanken Vest vil utbyttet vera tilbake på tidligare nivå frå og med 2017.

Ut frå dette vil truleg inntektene til stiftinga bli vesentleg redusert i 2016 , men auka frå og med 2017.

**Rettvisande oversikt over utvikling og resultat**
Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av stiftinga si eiga og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Kinsarvik, 23.02.2016

*Styret i Sparebankstiftinga Hardanger*

| | | |
|---|---|---|
| Borghild Storaas Ones<br>Styreleiar | Per Berge<br>Nestleiar | Vidar Riber<br>Styremedlem |
| Turid Dagrun Haugen<br>Styremedlem | | Jakob Dyrkolbotn<br>Styremedlem |
| | Gunnar Skeie<br>Dagleg leiar | |

**RSM Norge AS**

Strandavegen 11, 5705 Voss
Pb. 136, 5701 Voss
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00
F +47 56 52 04 01

www.rsmnorge.no

Til styret og generalforsamlinga i

**Sparebankstiftinga Hardanger**

MELDING FRÅ REVISOR

## Uttale om årsrekneskapen

Me har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Hardanger, som viser eit overskot på kr. 41 350 437. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap og ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*
Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen og for at den gjev eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn naudsynt for å gjera det mogleg å utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*
Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at me fylgjer etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å få tilfredsstillande tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhenta revisjonsbevis for tala og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforma revisjonshandlingar som er høvelege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er høvelege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.



Medlem av Den Norske Revisorforening.

RSM Norge AS is a member of the RSM network and trades as RSM. RSM is the trading name used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices in its own right. The RSM network is not itself a separate legal entity in any jurisdiction.

Me meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Konklusjon*
Me meiner at årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Sparebankstiftinga Hardanger per 31. desember 2015 og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

## Uttale om andre tilhøve

*Konklusjon om årsmeldinga*
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

*Konklusjon om utdelingar og forvalting*
Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner me at stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Voss, 23. februar 2016

Åse Steen – Olsen
Statsautorisert revisor